



KOPI

Nordhordland Næringspark AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6930 - 18/2094

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
22.01.2018

Mellombels bruksløyve for delar av tiltaket - gbnr 212/132 Eikanger øvre

Administrativt vedtak. Saknr: 031/18

Tiltakshavar: Nordhordland Næringspark AS

Ansvarleg søkjar: Tippetue Arkitekter AS

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 02.10.15.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

Gjenstående arbeider av mindre vesentlig betydning, innenfor den delen av tiltaket det søkes om midlertidig brukstillatelse for, er følgende: Ingen

Resterende deler av tiltaket, hvor det her ikke søkes om midlertidig brukstillatelse, er følgende: Øvrige deler av VA anlegg, vei og planerte områder i KBA1 og KBA2

Mellombels bruksløyve gjeld delar av tiltaket:

- Avkøyrsløype til E39.
- Delar av veg 1 som synt på kart motteke ved søknad om mellombels bruksløyve.
- Felles VA-anlegg for område markert med grønt i kart datert 10.11.17.
- Planering av delar på KBA2 som vist i kart.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 10.11.18

Det vert elles vist til søknad motteken 14.12.17 og supplert 19.01.18.



VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	Offentleg avkøyrsløve, delar av Veg 1, delar av VA-anlegg
Bygningsnummer:	
Bruksareal:	
Avløp:	
Vatn:	
Tal på røykløp:	

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for delar av tiltaket for nytt veganlegg på gbnr gbnr 212/132// på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket:
 - a. Offentleg avkøyrsløve til E39.
 - b. Delar av veg og va- anlegg innanfor planområdet som synt på kart innsendt ved søknad om mellombels bruksløyve.
 - c. Planering av delar på KBA2 som vist i kart.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 10.11.18.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6930

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nordhordland Næringspark AS

Sandviksbodene 5 5035

BERGEN

Mottakarar:

Tippetue Arkitekter AS

Sandviksbodene 5 5035

BERGEN

Tippetue Arkitekter AS

Sandviksbodene 5 5035

BERGEN

KOP